




# Bokn skule



Bokn 11.04.16

## INFORMASJON TIL HEIMANE

Wenche L. Havikbotn, rektor

tlf 52752551

[wenche.havikbotn@bokn.kommune.no](mailto:wenche.havikbotn@bokn.kommune.no)

Ingunn Toft, seksjonssjef

tlf 52752534

[ingunn.toft@bokn.kommune.no](mailto:ingunn.toft@bokn.kommune.no)

Heimeside skule og barnehage

[www.boknaskule.no](http://www.boknaskule.no)

Ansvarleg for heimesida: Stein Magnar Gjerde



### Skulekontoret

På grunn av langvarig sjukefråvær, har me fått ein ny person som sitt på skulekontoret. Jeanette Helle er førebels tilsett fram til og med september 2016. Ho er heilt ny på skulen, og skal læra mykje nytt så ha tolmod med at ikkje alt kan fiksast med ein gong.

### Innskriving

Fredag 29. april blir det som tradisjonen tru innskriving av dei som skal gå i 1. klasse til neste skuleår. Dette er alltid ein kjekk og spennande dag for oss på skulen. Alle dei som skal skrivast inn skal ha fått brev i posten.



### SFO 2016/17

Søknadsskjema for SFO til neste skuleår er no lagt ut. Gå inn på Bokn kommune sine sider og finn informasjon og elektronisk skjema. Søknadsfrist er 10. juni.

### Plandag

Me har att ein plandag som ikkje ligg på skuleruta, denne plandagen blir fredag 10. juni. Det vil seia at elevane har fri denne dagen, det er heller ikkje ope på SFO.

Andre fridagar framover:

- 5. og 6. mai
- 16. og 17. mai



Siste skuledag før ferien er fredag 24. juni.

### 10. klasse

10. klasse er inne i ein travel periode, dei skal avslutta tida si på Bokn skule. 18. mai får dei vita kva skriftleg fag dei skal ha eksamen i.

Her er oversikt over dei aktuelle eksamensdagane:

- Matematikk: 20. mai (eksamen)
- Norsk: 23. mai (førebuing)  
24. mai (eksamen )  
25. mai (eksamen)
- Engelsk: 26. mai (førebuing)  
27. mai (eksamen)

Munnleg eksamen blir torsdag 9. juni, dei får vita fag tysdag 7. juni.

Meir informasjon om eksamen, standpunktarakterar og avslutning kjem seinare.



Elles blir det andre tradisjonelle ting som skjer i tida framover

Blant anna:

- matematikkensdag (1. – 7.)
- 6. klasse skal til Vikinggarden
- 4. – 6. klasse skal på tur saman
- fjelltur (10. klasse)
- idrettsdag
- aktivitetsdag med dessertbord

Meir informasjon om desse aktivitetane vil komma på vekeplanane til dei ulike klassane.

FAU er også i gang med eit dugnadsarbeid på uteområdet. Det skal vera ei dugnadshelg fredag og laurdag 15. og 16. april. Håper at mange tek seg tid til å vera med slik at me kan få eit triveleg miljø rundt skulen.



### **Neste skuleår**

Me går imot avslutning på eit skuleår, difor er eg no i full gong med å planlegga eit nytt. Målet mitt er at kontaktlærarar skal vera klar til å bli offentleg seinast i starten av juni.

Helsing

Wenche L. Havikbotn  
rektor